

NAMN:
KLASSE:LÅG MIDDLE HØG

Korleis bør **ordstillinga** vere i **setningar**?
 Sjå på reglane og **skriv døme!**



Forteljande heilsetningar

I forteljande heilsetningar er ordrekkefølgja i norsk ofte subjekt – verbal – objekt.

Døme:

Forfelt Midtfelt Sluttfelt

Subjekt Verbal Direkte objekt

Bjørnen søv.

Ulven uler.

Line kjøpte ved.

Dag baker ei stor kake.

Subjekt og verbal

Nesten alle fullstendige setningar inneheld både **subjekt** og **verbal**. Unntaket er imperativsetningar. Dei kan bestå av berre eitt ord – verbalet.

Til vanleg kjem subjektet rett før eller rett etter verbalet. Du finn det ved å spørje med kven eller kva + verbalet.

Døme:

Ein elev i 6. klasse kasta snøball på rektor i går.

Rektor kasta snøball på ein elev i 6. klasse i går.

Heilsetningar

Heilsetningar kan ha fleire setningsledd. Felles for ledda er at vi ofte kan plassere dei inn i eit forfelt, eit midtfelt og eit sluttfelt.

Av og til kan det vere vanskeleg å finne ut om eit ledd skal stå i midtfeltet eller sluttfeltet. Prøver du å skrive setninga med samansett verbal, finn du ei løysing på det.

Når eit anna ledd enn subjektet står i forfeltet, kjem subjektet rett etter verbalet i midtfeltet.

Språket kan bli betre dersom du varierer leddstillinga når du skriv. Lange ledd passar ofte best i sluttfeltet.

Døme:

Forfelt	Midtfelt			Sluttfelt		
	v	n	a	v	N	A
Eg møter	møter				deg	i dag.
Eg har	har			møtt	deg	i dag.
Han serverte	serverte				Eli pølser	i går.
I går var Anders heldigvis	var	Anders	heldigvis		snill.	
Anders var heldigvis	var		heldigvis		snill	i går.
I dag hadde du ikke gjort leksa di tilrettetid.	hadde	du	ikkje	gjort	leksa di	tilrettetid.
Du hadde ikke gjort leksa di tilrettetid i dag.	hadde		ikkje	gjort	leksa di	tilrettetid i dag.
Leksa di hadde ikke gjort tilrettetid i dag.	hadde	du	ikkje	gjort		tilrettetid i dag.

Leddsetningar

Det finst fleire typar leddsetningar. Slike setningar kan vi plassere i forfeltet, nominalfeltet eller adverbialfeltet alt etter kva for oppgåve dei har i heilsetninga.

Skjema for heilsetningar

Døme:

Forfelt	Midtfelt			Sluttfelt		
	v	n	a	v	N	A
Dersom du kjem, vil du truleg få eit eple av meg.	vil	du	truleg	få	eit eple	av meg.
Ho fortalte at læraren var sint i går.	fortalte			at læraren var sint	i går.	
I dag kan vi ikke bade fordi bassenget er stengt.	kan	vi	ikkje	bade		fordi bassenget er stengt.



Skjema for leddsetningar

Vi kan dele leddsetningar opp og setje dei inn i feltskjema. Slike setningar har ein annan type skjema, og her er det ikkje så lett å bytte rekkefølgje på ledda.

Døme:

Forfelt	Midtfelt			Sluttfelt		
	v	n	a	V	N	A
Dersom	du		kjem,			
Sjølv om	han	gjerne	ville	vise	henne	bort,
At	du	ikkje	vil	spise	kjøtkaker	no,
Enda som	han	helst	ville kan	vere	sur, engelsk,	

Adverbialet ikkje

Legg merke til at adverbialet ikkje byter plass frå heilsetning til leddsetning:

Døme:

Heilsetning: Eg har ikkje kjøpt eple.

Leddsetning: At eg ikkje har kjøpt eple,

Leddsetning: At ikkje eg har kjøpt eple,

Adverbial

Vi kan flytte eit ledd i ei ytring for å legge ekstra vekt på det. Adverbial er ledd som det er lettast å flytte på.

Døme:

Forfelt	Midtfelt			Sluttfelt		
	v	n	a	V	N	A
Eg	kjem		kanskje		på skulen i morgen.	
Kanskje	kjem	eg	på skulen		i morgen.	
I morgen	kjem	eg	kanskje		på skulen.	

Ikkje, berre og nesten

Når du bruker adverbiala ikkje, berre og nesten, må du vere ekstra på vakt. Ordrekkefølgja kan ha ei viss betydning.

Døme:

Nesten alle såg han.

Alle såg han nesten.

Han er berre fem år.

Berre han er fem år.

Eg vil ikkje spise opp maten hennar.

Ikkje vil eg spise opp maten hennar.

Meir om subjektet

I forteljande heilsetningar er det finitte verbalet ledd nummer to. Finitt verbal er eit verb i presens, preteritum eller imperativ. Subjektet kan stå i forfeltet eller etter det finitte verbalet.

Når det står noko anna enn eit subjekt i forfeltet i ei forteljande heilsetning, skal subjektet komme etter verbalet.

Døme:

Forfelt	Midtfelt			Sluttfelt		
	v	n	a	v	N	A
Eg	likar				appelsiner.	
I går	var	du			trøyt.	
Trøyt	var	du				i går.

Spørsmål

Du kan innleie ei spørjesetning med eit verbal eller eit spørjeord.

Spørjeord: Kva, kor, kvar, kven, korleis, kor mange, når, kva for ei, kva for ein, kva for eit, kva slag, kvifor, på kva (for) måte

Døme:

Forfelt	Midtfelt			Sluttfelt		
	v	n	a	v	N	A
	Kjem	du?				på besøk i kveld?
	Kan	du		kome		
	Kan	du		vere	stille	no?
Kvifor	var	ho	ikkje		heime	då eg kom?
Korleis	kunne	du		gløyme	at eg hadde bursdag	i går?
Kven	kjem	ikkje				på øvinga i kveld?
Kva	heiter	du?				
Når	skal	du		lage	frukost	til meg?
Kvifor	ga	du			Hans ein lapp	i dag?